

## Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.11.2020

**Sigurd Reksnes, SP**, sette på vegner av SP, A, KrF, MDG og SV fram slikt tilleggsforslag:

«5. Fylkestinget føreset at det vert jobba systematisk med kompetanseutvikling knytt til elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø, og som sikrar at alle tilsette i vidaregåande opplæring får betre forståing av kva ein kan gjere sjølv, og korleis ein kan støtte andre.

6. Oppdatert informasjon om ordningane skal vere lett tilgjengeleg for elevane.»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Reksnes sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget vedtek at Vestland fylkeskommune skal ha eit psykologteam som skal arbeide lågterskel og ha samtaler med elevar og lærlingar. Psykologteamet skal rettleie elevar og lærlingar til vidare behandling der det er naudsynt i samhandling fastlege eller skulehelsetenesta.
2. Fylkestinget vedtek at for å sikre eit stabilt psykologteam i Vestland skal fylkesrådmannen inngå samarbeid med kommunar og helseføretak om kjøp av psykologtenester
3. Fylkestinget vedtek at ordninga med miljøkoordinator vert vidareført. Ordninga med miljøkoordinator og psykologteamet skal saman arbeide for eit heilskaplege psykososialt skulemiljø for alle elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune.
4. Tilbodet er føresett finansiert innanfor gjeldande budsjett.
5. Fylkestinget føreset at det vert jobba systematisk med kompetanseutvikling knytt til elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø, og som sikrar at alle tilsette i vidaregåande opplæring får betre forståing av kva ein kan gjere sjølv, og korleis ein kan støtte andre.
6. Oppdatert informasjon om ordningane skal vere lett tilgjengeleg for elevane.»